

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek statusrapporten til vitande.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at gode folkebibliotek er ein føresetnad for lokal demokratibyggning. Utvalet oppmodar difor kommunane i Hordaland om å styrkje biblioteka slik at dei kan ta i vare heile breidda i samfunnsoppdraget sitt: som formidlar av kunnskap og kultur, og som lokal møteplass.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane vert oppmoda om å prioritere styrkja grunnfinansiering av biblioteka.